

REFERAT FRÅ MØTET I STYRET FOR FAU 12. MAI KL. 19

Rektor Gunn Tove Olsen, og alle i styret i FAU: Ken-Tore Lysaa, Evy Hind, Synnøve Nupen, Halfdan Sætherskar og leiar Tanja Skjervheim.

Sak 1

Rektor informerer om kommunestyret sitt vedtak om renovering av skulen. Rektor kjem til å etterspørje framgang. Det tek tid med anbudsrundar osv. Teknisk etat har vore på befaring over heile skulen og har utført eit kostnadsoverslag på 8,5 mill.kr. av 13 ulike tiltak. Rektor seier at FAU har hatt eit viktig påtrykk til at skulen no skal oppussast og utbedrast. 2 heiser har fyrsteprioritet og skal etter planen vere på plass ved årskiftet. Renoveringa vil måtte pågå i skuletida, bl.a. skal alle glas/vindu skiftast, branndører skal monterast og det skal investerast i nytt brann-varslingsssystem og innbrotsalarm. Taket på mellombygget skal skiftast, skulekjøkenet skal flyttast til biblioteket og to nye ventilatorar skal monterast. På ungdomskulen blir bl.a. garderober, korridorane i 1. og 2. etasje pussa opp. Nye golvbelegg på enkelte rom. På barneskulen blir klasserom måla og heile skulen får ny fasade og det blir ny ytterdør og mellomdør for hovudinngang og ny dør for fellesinngang ved hallen.

Sak 2

Dugnad / arbeidsgrupper blant Foreldrerådet. Leiar Tanja foreslår å legge dugnaden til oppunder skulestart med ny "frisk" og meir motivasjon. Ein tanke ville vere å lage kulissar og evt anna utstyr til bruk i kultursalen. Forslag frå Gunn Tove om at foresatte som er interessert i drama / revy evt kan engasjerast i dette arbeidet? Tanja ynskjer å høyre med elevane og lærerane om ka behov dei ser - spesielt for uteområdet. Uansett ønskes en alternativ dugnad denne gangen. Vi tek opp saka tidlig på hausten.

Sak 3

Rektor informerer om "Handlingsplanen mot mobbing", og kan fortelle styret at handlingsplanen er god og fungerer greit. Handlingsplanen skal følgjast opp av skulen og hjelpe foreldra og læraren til å ta opp ting tidleg av ei eventuell mobbesak. Diskuterte kva ansvar vi foreldre har dersom vi veit at ein elev ikkje har det så greit. Då kan ein fyrst snakke med eleven / foreldra / foresatte og deretter læraren og rektor.

Tidlegare i år var det eit møte for ungdomsskule - elevane med foreldre / foresatte der politiet, barnevern og helsesystemer var engasjert. Det var eit svært nyttig møte. Desse etatane har meldt at dei gjerne vil bli brukt meir i skulen, og det er i styrets interesse med fleire slike møter smed tema som bl.a. rus, alkohol og grensesetting av barnet / ungdomen sin.

Sak 4

Leksehjelp. Rektor informerte om at skulen frå hausten av er pålagt av staten og tilby leksehjelp til elevane frå 1. til og med 4.klasse. Leksehjelpa vil bli som ein vanleg undervisningstime. Det er ikkje krav at leksehjelperen skal ha pedagogisk utdanning. Framleis like viktig at vi foreldre / foresatte hjelper til og følger godt med på leksene til borna våre. Enkelte har hevda at det er frå 5. klasse og oppover det er størst behov for leksehjelp, men myndigheitene har altså bestemt frå 1. til 4. klasse.

Diskuterte lesegrupper, gjere lekser i lag grupper, saker vi alle kan diskutere vidare på. Sørreisa vart trekt fram som ein kommune som har leksehjelp gjennom Frivilligheitsentralen, og av pensjonerte lærarar. Diskuterte om Elvetun Skole kunne gjere det same.

Sak 5

Halfdan og Evy står på val frå hausten. 2 nye engasjerte foreldre må inn i styret. Styret ogleder tar ansvar for å finne aktuelle kandidater.

Sak 6

Det var ikkje meldt nye saker til leiaren i FAU før møtet.

Møtet slutt kl. 21.

*Referent,
Synnøve Nupen*